

Bjarte langeland  
Sagstadvegen 69  
5919 FREKHAUG


Referanser:  
Dykkar: Ref.:KBSBKS-  
Skjemanr.:5367  
Vår: 22/1845 - 22/17727

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
01.03.2022

## Melding om utført endring av bygningstype i Matrikkelen - gbnr 324/9 Langeland

Etter forespørsel frå deg dat 24.02.22. har kommunen utført endring av bygningstype for garasjebygg på eigedommen din.



Skjemaet du har brukt til å krevja endring av bygningstype er ikkje tilrettelagt for bruk for andre endringar enn til bustad/ fritidshus. Du bad om endring av bygningstypen frå «ukjent/usikken» til einebustad, noko me ikkje kan gjera så lenge dette er ein garasje. Me forstår det slik at det du ber om er endring frå bygg til landbruksføremål til garasje til bustad.

Bakgrunnen for kravet om endring er at straummålar til våningshuset er plassert i denne garasjen, og at du ikkje kjem inn under refusjonsordningar for straumstøtte, så lenge dette er

registrert som landbruksbygg. Eigedommen er registrert som landbrukseigedom, men er ikkje i drift. Dette våningshuset får difor heller ikkje støtte som landbrukseigedom.

Garasjebygget er endra frå bygningstype 241-hus for dyr/landbr.lager/silo til bygningstype 181 garasje/uthus/anneks til bustad. Det er vel heller litt uvanleg at straummålar til våningshus/ bustadhuset er plassert i eit uthus. Slik me ser det, er dette den rettinga me kan utføra, og håpar dette er tilstrekkeleg til at du får straumstøtte. Om problemet er at bustadhuset er registrert som eit våningshus ( slik bustadhus skal vera på landbrukseigedom) og ikkje ein vanleg einebustad, må du koma tilbake med dette.

Vedlagt ligg matikkelrapportar som viser kva som var og er registrert om bygget før og etter rettinga.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bjarte langeland

Sagstadvegen 69

5919

FREKHAUG